

Stoda i Helsa ved joleleite 2009

Vyrde Ásdølar!

No hadde Doktorkåna herska og ballert noko veldig, så nå var det godt å setje fua nedpå. Men, ho var no ikkje munnvalen, om ho var trøytt.

Doktorkåna hadde mest ikkje fått togge ferdig jolemiddagen før ho pakka skreppa med ski og stavar og for attende til Birkebeinarane hit på Austlandet. Det hjelte ikkje kos ho bar seg, for ut å springa måtte ho, om gradestokken var nær på klaka. Einaste trøysta var at ho ikkje var åleine, og godt for skrotten var det – det kjende ho på seg.

I Doktarskålen gjekk ettvinteren som ein kunne venta. Anne Siv Kvedarkåne herska med hard hand, og vart godt hjelpt av Kvinndøls-Kari og Gammallensmannskåna. Siv Åse Skrivarkåne trødde til både i Porten åt doktorane og hjå Anne Sjukepassarkåne. Her var snott og snue både her og der, men ikkje meir enn det måtte vera så dei hadde noko å gjere på.

No hadde Doktorkåna vore hjå Ásdølane eit hareleg bil. Lengje hadde ho drøymt om å få sjå denne vidgjetne Lordeskålen inne på vestheia. Ho hadde no ikkje fengje tusta seg til enno, etter sekston år. Men, Feltskjæren var gild, og hadde doning til låns. Så, då Skutar-lauget skipa til påsketur, fekk Doktorkåna tala for Husbonden så han gjekk med på å køyra ho innover.

Det gjekk over stakk og stein, men Doktorkåna måtte ikkje stige av meir enn 4 gonger, og så fekk ho sett Lordeskålen slik han var i røynda. Husbonden let vel, men han vakta på tommen sin i mange dagar etterpå. Doktorkåna totte vel om Lordeskålen, men ville berre seie at han måtte ha falma noko gevaldeleg, for gulfarga var han ikkje slik ho hadde trudd! Vita om Rune Lordeherse og Arna Varaherse må skipta farge hit i Austrud og?

Kring påske kom det bod frå Ovhersen i Evje at Doktorhersen deira hadde reist, og at dei var forlegne for folk. Dei nau-ba Doktorkåna så at ho vart mjuk i hugen og ville gje dei ei hand.

Blekket på bodstikka ho sende dei var knapt torke før det kom ilbod frå fjerne land i Vesterled at det hadde brote ut ein illhorveleg pest hjå nokre grisar. Dei meinte på at her hadde vore fugl på ferde, og at dei hadde skjemt ut grisane med pest og forderving. Det blei ikkje likare enn at pesten gjekk på folk med. Doktorkåna meinte på at desse pestbefengte folka kunne ha halde seg heime. Men, slik det no blei, greip sotten om seg som ild i turt gras over heile Midgarden.

Knektane i Blekksmørar-fylkinga og Titteskåp-lauga fekk skrivekløe, og herja vilt. Dei spreidde bodstikker om skremslar og fimbulvinter, og glupe hovuder lirte av seg trugsmål, befalingar og bønner. Doktorkåna likte ikkje kvasse ordskrifte, og totte ille! Den einaste ho kunne tala vitugt med, var Odd Helge Serviceherse, og slik gjekk det til at han fekk kloa i dei beste nyhenda til bodstikka si.

Det gjekk ikkje lenge før Seidmannen nede på Sanden ville ha greie på korleis Ásdølane tenkte å stelle seg når sotten kom, og så måtte Doktorkåna kvesse pennen og koke i hop ei feit bodstikke som kunne stoppa kjepten på dei. Men, utover hausten blei Seidmannen vrang, og Doktorkåna måtte sende han små bodstikker kvar veke så han kunne halde oppsyn med Ásdølane.

Som ein reider, så ligg ein! Doktorkåna hadde alltid meint at ein ikkje kunne tene to herrar, men no måtte ho bita seg i tunga, for Seidmannen i Råbyggelaget minna på lovnaden ho hadde gjeve åt Ovheresen på Evje. Så måtte ho sende bodstikker åt han og.

På seinsommaren kom ho retteleg i ”fokjet” då Skyttarlauga kring Otra stella til kappleik på Evje. Både ho og Alltingshersen i Evje hadde blekksmørarar etter seg som noko vondt, og dei var ikkje til å stogga. Gnålet stoppa ikkje før Doktorkåna tinga seg taletid hjå folka i Titteskåplauget. Slik gjekk det til at ho fekk nokre minutt i sola, medan det knalla kring ho nett som i krigen!

Doktorkåna hadde her om året vore nøten, og hadde tala for Rune Ovherse at kjøkkenet i Storskålen ikkje heldt mål. Så hadde dei kleia seg i hovudet og teikna krussedullar som Doktorkåna totte særst godt om. Då gjekk dei på og reiv ut alt gammalt og ville til å stella nytt kjøkken. Men, trellane i Storskålen ville ha kaffe både seint og tidleg, så dei fekk eit heilt hovudbrot med korleis dei no skulle stelle seg. Det likaste er nok at Doktorkåna blir halde i vankunne om kven som ville ha kjøkken på dassen! Som venteleg, vart både Ovheresen og Doktorkåna vondte, og bruste med fjøra. Så måtte trellane reise ut med koppane sine, og halda seg kring ei tappekran attmed Verkstadbuva så lenge det varte.

Utpå året måtte Åsdølane skaffe seg ny Pengeherse til å vokta medelen. Det galdt å vere om seg, så dei for likegodt åt Kyrkja og henta han Svein Ove Revisorsvein til ny Pengeherse. Dei kjende han frå før, og visste at han var dugandse. Doktorkåna hadde sakna både Ronny Ovheresetrell og Odin Landmålarvein, og vart glad då dei kom heimatte åt Åsdølane.

Ein skal ikkje tukla for mykje med pengesekkane! Om ikkje islendingane no hadde lært, så kunne ingen få vit i skolten. Her var blitt slik utgreie med pengesekkane i heile Midgarden, at storfolket gjekk over ende den eine etter den andre. Jamvel Ovheresen hadde trong til å spara på medelen. Heretter vert det krav om at alle som legg seg inn på Gjestehus må ta med minst ei tom bodstikke med bumerke på, slik at ein kan få dei til å skriva møte-bodstikker på.

Om ein må spara, så har det ikkje vore dårlegare stilla enn at både den eine og den andre trellan har fare på vitjing både hit og her. Både Ovheresen og Servicehersen tok trellane med seg til Vigmostad for å smeike dei. Folka i Doktarskålen og venene deira, for til ein laugarhyl i Kragerø. Der velta dei seg i gjørme og fekk måla seg i fjeset så dei vart fjote og fine. Jamvel Doktorkåna vekk skrubba føtene så dei vart som barneromper. Dei sprekaste sette seg på sykkelen og for til Daneland, åt Skagen. Dei kom heimatte, gladlynte og utkjasa, såre i fua og halvt spedalske av vegstøv og skit.

Det gjeld å vere kledd. Doktorkåna har fengje seg setesdalskofte no, og briskar seg stort. Rune Ovherse har fått seg grøn Felleskjøpbrok, og folka i Verkstadbuva har klede som lysar og blinkar. Jamvel Kristina Verkstadtrell har fått sommarstakk som lysar opp. Då vantar det berre at Ovheresen får skaffa stakk åt kåna si, so ho kan briska seg, ho og.

No vil Doktorkåna og Husbonden ha kyr i floren att. Så, no har dei slege gras og stella på låven. Doktorkåna har levd i trua om at ho er fredsæl og langmodig, men her er kome på eit par unntak: Langmodigheita gjeld ikkje svoler og myssna. Ho har meldt krig etter at både ho og Husbonden fekk såre knokar og stygg hoste etter skuringa. Siloen hennar var så nedskite av lort, at ho måtte balle graset i staden. Ikkje rart at ho glåpa langt etter tårnet på Minne. Vita kor mykje gras ho hadde kunna få inn der om ho hadde fått leigd seg inn? Men,

ho skjøna fort at her ikkje var noko å koma etter, for dei hadde sett opp eit sauegjerde så høgt, at det var berre Toralf Bårebere og Kulturhersen som visste kva som var bakom.

For å ha noko å putta inn i den nye skålen, hadde Yvonne Jordskraparmøy og Tom Turbograrar grave etter både bein og flint som dei kunne ta med seg. Men, gamle stolpehol og matrestar fekk vere.

Ja, her var ei snekring og ballering, for no ville Kyrkjefolket og ha hus, dei og. Så trella dei og sveitta og selde kompe så godt dei vann.

Dei haldt det med Gjallarljod i Eikerapen også dette året. No ville dei skipa til ein flat plass åt spilemenna. Dette totte Doktorkåna vel om, for ho hadde sett mange døme på kor spelig det var å fota seg mellom knausane der ute med øl i hausen. Og måtte ølet ut, så hadde det vel aldri vore betre enn no, for gildare mitting hadde ho aldri sett!

No om dagen er det ikkje nok med øl. Her må sprit til. Åsdølane har god kjennedom til korleis han skal takast til innvortes bruk. Men, no hadde Doktorkåna gjeve bod om at her måtte sprit på nevane også. Ut på hausten hadde Svinepesten kome til Nordmenna også, så no galdt det å fjelge seg best ein kunne.

Seidmannen inne i Viken hadde fått tak i noko vidunderleg stoff som han ville at folk skulle sprøyta seg med så dei ikkje fekk Svinepesten. Folk kunne ikkje få tak i dette fort nok, så sume stader vart det eit hundeleven. Hjå Åsdølane rådde Anne Sjukepassarkåne, så der var det på stell. Alle i Doktarskålen rusta seg med skarpt, og så fekk dei sprøyta folk i hopetal. Folk blei både ømskinna og skrale nokre dagar, men no lyt me berre tru at vi skal sleppe fimbulvinteren med det så mange er budde.

Så vil Doktorkåna ønskje Ovheren og trellane hans ei riktig God Jol! Han får leggja hovudet i blot etter gode døme på innsparing. God jol til alle i Doktarskålen med. I år vil ho sende ei jolehelsing til karane i Dataskålen. Ei ekstra gild helsing til Macar-lauget, dei likar ho godt!

God jol til Olav Prest som har vorten gammal. God jol til Lensmannen.

Så må vi vona at her ikkje blir annan sott enn magespreng og hjartebank etter jolemiddagen, og at Svinepesten er over for denne gongen. No vil Doktorkåna heim åt Husbonden og bu seg til å stelle kyr!

God Jol!

*Doktorkåna*